



## Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.  
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 28.04.2026  
Vår ref: 25/05796-10  
Dykkar ref:

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

## Høring av søknad om driftskonsesjon for Espeland masseuttak i Bjerkreim kommune. Tiltakshavar: Espeland Masseuttak AS

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43. Ein driftskonsesjon fastset blant anna korleis mineralførekomsten skal takast ut, korleis uttaksområdet skal sikrast under og etter enda drift, og andre forhold som må takast hand om under drifta. Driftsplanen for uttaket er ein del av høyringsdokumenta.

For at søknaden skal bli så godt opplyst som mogleg, sender vi saka på høyring, jf. forvaltningslova § 17. Heile eller delar av høyringsfråsegna kan bli refererte i vedtaket om driftskonsesjon.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i samsvar med plan- og bygningslova. Ved vurderinga av søknad om driftskonsesjon etter minerallova vil eventuelle utsegner knytt til arealavklaringa difor ikkje bli vektlagde.

### Høyringsfrist: 29. mai 2026

Høyringsfråsegnene skal sendast til e-post: [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no) eller med ordinær post til Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Ladebekken 50, 7066 Trondheim.

Heimelshavarar til nærliggjande eigedommar av uttaket mottar høyringsbrevet, men blir skjerma frå mottakarlista, jf. personopplysningslova og personvernforordninga (GDPR) art. 5.

Høyringsdokumenta er tilgjengeleg på [Saker til høyring | Direktoratet for Mineralforvaltning \(dirmin.no\)](#).

### Samandrag av søknaden

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43 frå Espeland Masseuttak AS



med org. nr. 933 034 844, for uttak av grusmassar på gbnr. 45/6 i Bjerkreim kommune. Omsøkt areal er på omtrentleg 104 daa og kjem fram av kart som er ein del av høyringsvedlegget. Det er anslått eit årleg uttak av byggjeråstoff frå lausmasser på opp til 31 500 m<sup>3</sup> og eit totalt uttak på om lag 1 247 00 m<sup>3</sup>. Området er regulert til råstoffutvinning i plan «Detaljregulering for løsmasseuttak på gnr. 45, bnr. 6, Viemyr, Espeland», med planid 1114\_2016001, vedteke 13.09.2022.

#### **Kva vurderer DMF i samband med søknaden?**

Føremålet med minerallova er å fremja og sikra samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m<sup>3</sup> er konsesjonspliktige.

Konsesjonssøknaden blir avgjord etter ei skjønnsmessig vurdering der DMF, i tillegg til lovkravet om bergfagleg forsvarleg drift, også vurderer tiltakets:

- betydning for verdiskaping og næringsutvikling
- innverknad på naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- innverknad på omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- miljømessige konsekvensar
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

#### **Forventingar til høyringsfråsegnene**

*Private interessentar* kan kome med innspel til relevante forhold som bør takast omsyn til i den aktuelle saka. Dersom grunneigarar av det omsøkte konsesjonsområdet har innvendingar, ber vi om tilbakemelding på dette.

*Offentlege etatar* blir bedne om å vurdere, ut frå eige ansvarsområde, om det finst forhold som tilseier at driftskonsesjon ikkje bør innvilgast, eller om det eventuelt bør stillast vilkår om avbøtande tiltak. Dersom det er forhold som ikkje er tilstrekkeleg belyste i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.

I denne samanhengen viser vi særskilt til vår gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget så langt for følgjande omsyn:

***Kunnskapsgrunnlag etter naturmangfaldlova***, sjå høyringsvedlegget side 16-24.

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle myndigheitsinstansar som fattar avgjerder med verknad for naturen, å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12.

DMF har gjort søk i Økologisk grunnkart, Naturbase kart, Artsdatabanken og Vann-Nett den 17. og 20. april 2026. DMF har òg henta inn kunnskap frå reguleringsplanen sin planskildring. Konsekvensutgreiing ligg ikkje føre. Vi har fått følgjande treff av betydning for vurderingane etter naturmangfaldlova:

#### **Raudlista artar:**

- Vipe (kritisk trua). Funndato: 21.04.2014
- Sandsvale (sårbar). Funndato: 01.08.2025
- Svartand (sårbar). Funndato: 13.05.2013
- Fiskeørn (sårbar). Funndato: 19.05.2025
- Vass-svamose (sårbar). Funndato: 04.02.2009



- Gjøk (nær trua). Funndato: 19.05.2025
- Tjeld (nær trua). Funndato: 13.05.2013
- Stær (nær trua). Funndato: 15.04.2012
- Storskarv (nær trua). Funndato: 22.04.2012

DMF har ikkje fått treff på verdisette naturtypar, livsmiljø eller landskap.

Reguleringsplanen er vedteke 13.09.2022. Det ligg ikkje føre konsekvensutgreiing for uttaket.

Kantsone mot Ytre Vinjavatnet er regulert til omsynssone for bevaring av naturmiljø. I samsvar med føresegn 6-1 skal delområde 1 og 2 bli behaldne i den opphavlege tilstanden sin. Området for produksjon ligg lavt i terrenget og naturlege støvvoller bidreg til å minimere støvflukt og støv. Det skal nyttast vatning ved behov som avbøtande tiltak mot støv. Etter ferdig drift skal uttaksområdet bli ført tilbake til LNFR-område, og det skal leggjast til rette for landbruk jf. føresegn 11 og i samsvar med driftsplan.

**Vassførekomstar og drikkevasskjelder**, sjå høyringsvedlegget side 25-29.

Vassforskrifta gir rammene for fastsetjing av miljømål som skal sikre ei mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane (§1).

Lausmasseuttaket ligg langs breidda til innsjøen Ytre Vinjavatnet (027-20176-L). Miljøtilstanden i vassførekomsten er blitt vurdert til å vere svært god, og miljømålet er svært god. Tilstandsklassen svært god er reservert for vassførekomstar som er tilnærma upåverka av menneskeleg aktivitet. Vann-Nett oppgir at vassførekomsten er påverka av avrenning frå fulldyrka mark og sur nedbør (i liten grad).

Andre vassførekomstar i nærleiken av uttaksområdet er:

- *Elv*: Grunnåna (027-241-R). Elva knyter saman Ytre Vinjavatnet og Storavatnet. Miljøtilstanden for vassførekomsten er vurdert til å vere svært god og miljømålet er svært god.
- *Innsjø*: Storavatnet (027-1523-L). Miljøtilstanden i Storavatnet er god, og miljømålet er god.
- *Elv*: Maudalsåna nedre (027-118-R). Elva renn søraust for uttaket. Miljøtilstanden for vassførekomsten er vurdert til å vere god, og miljømålet er god.

Området uttaket ligg i er også omfatta av verneplan for Bjerkreimvassdraget.

Iht. reguleringsføresegn punkt 3-10 skal alt overflatevatn frå masseuttaket bli leidd til sedimenteringsbasseng. Føresegna nemner Ytre Vinjavatnet særskilt, og still krav om at basseng skal dimensjonast slik at avrenning til vassførekomsten ikkje skjer. Reinsetiltak skal jamfør rekkjefølgjeføresegn 10-2 vere etablert før oppstart av drift for å hindre partikulær avrenning til vassdrag, og deretter skal det bli tatt regelmessige kontrollmålingar av vann ved utløp av bassengene.

Driftsplanen beskriv at overvatn blir leidd til sedimentasjonsbasseng ved opne og lukka grøfter. Det skal leggjast jordvoll mot Ytre Vinjavatnet for å styre overflatevatn til



bassenget. Sedimentasjonsbassenget skal i samsvar med driftsplan månedleg kontrollerast for slamnivå og tømmerast fortløpande ved behov.

**Konsekvensane av tiltaket for kulturminne**, sjå høyringsvedlegget side 30-34.

Sørvest for Gloppedalsvegen ligger fleire automatisk freda kulturminne:

- Espeland, Gårdsanlegg (kulturminneid: 72001). Vernestatus: Fjerna (aut. freda).
- Gronnes, Gravfelt (kulturminneid: 23984). Vernestatus: Automatisk freda.
- Gronnes, Rydningsrøyslokalitet (kulturminneid: 4421). Lokaliteten består av fleire røyser av ulike vernestatus.
- Gronnes, Gravfelt (kulturminneid: 33850). Vernestatus: automatisk freda.
- Gronnes, Gravfelt (kulturminneid: 23983). Vernestatus: automatisk freda.

Planskildringa og driftsplanen opplyser om at det per i dag ikkje er registrert nokon kulturminne innanfor planområdet.

Iht. reguleringsføresegn punkt 3-5 skal det «Ved evt. funn av kulturminner må arbeidet straks stanses, og kulturminneavdelingen hos fylkeskommunen i Rogaland omgående varsles, jf. kulturminneloven §§ 3 og 8.»

**Andre varsemdsområde**, sjå høyringsvedlegget side 35-43.

- Søk i NVE Temakart viser at det er varsemdsområde for jord- og flaumskred, flaum, steinsprang og snøskred i nærleiken til uttaket..
- Det omsøkte konsesjonsområdet er omfatta av NGU sitt kart over geologisk arv (geostad Espeland og geostad Ytre Vinjavatnet). Vernestatus: Ikkje verna. Faktaark er inkludert i høyringsvedlegget.
- Uttaket har tilkomst frå fylkesveg 503 (Gloppedalsvegen). Ifølgje planskildringa er fartsgrensa 60 km/t på staden og det er god oversikt begge veier for utkøyringa.

Med helsing

Siri Aakenes  
seniorrådgjevar

Lene Johaug Karlsen  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*

Sakshandsamar: Lene Johaug Karlsen

Mottakarar:  
Norges geologiske undersøkelse NGU  
Rogaland fylkeskommune  
Bjerkreim kommune  
Statsforvaltaren i Rogaland  
Norges vassdrags- og energidirektorat Region sør  
Mattilsynet



Statens vegvesen  
Private mottakere i blindkopi

Kopi til:  
Espeland Masseuttak AS